

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/244

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
053/2016	Formannskapet	PS	03.10.2016

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Formannskapet - 053/2016

FOR - behandling:

I møtet vart det orientert om følgjande saker:

Oppfølging etter kommunestyrevedtak den 22.09.16 - mulighetsstudie «Trohaug –Nyebrua»

Teknisk sjef orienterte kort om oppstarta arbeid for å engasjere konsulenthjelp.

TV-aksjonen 2016

Formannskapet drøfta korleis innsamlinga i år skulle organiserast.

Oppfølging:

Formannskapet sjølv gjennomfører innsamlinga på aksjonsdagen - søndag 23. oktober.

Formannskapet løyver kr 20.000.- i stønad frå Modalen kommune til årets aksjon.

Ordførar følg opp organisering og innmelding av tilskotet.

LVK saker under arbeid

Rådmannen orienterte kort om desse sakene:

- Kraftselskapa og Energi Norge krev endringar i grunnrenteskatten. Statssekretær i finansdepartementet Jørgen Næsje har også reist spørsmål ved om det er grunn til å drøfte effekten av konsesjonsavgifta og eigedomsskatten på vasskraftanlegga.
- Anke av "Statnettdommen" til høgsterett vedkomande skjånn for verdsetting av nettanlegg.

Felles partnerskapsmøte NAV i Nordhordland

Rådmannen gav ei kort orientering frå møte den 23.09.16 om oppstarta prosess for å etablere større NAV-regionar og større/meir robuste NAV-kontor. Minstekontorgarantien, om eit NAV-kontor i alle kommunar, er no teken vekk av regjeringa. Arbeidet vil føregå parallelt med det vidare kommunereformarbeidet.

Mottak av nye flyktningar

Rådmannen orienterte om at kommunen no har fått ny førespurnad frå IMDI om å motta ein 3. familie med flyktningar i år. Administrasjonen føl opp førebuing av dette.

Budsjett 2017 / økonomiplan 2017 -2020

18. – 19. oktober er sett av til drøftingar i formannskapet.

Møtet vert halde i Modalen begge dagar frå kl 09.00-15.00.

Einingsleiarane hadde den 22.09.16 ein gjennomgang av status og utfordringar i dei ulike tenestoområda.

I komande møte vert det derfor no lagt opp til å gjennomføre ei strategisk drøfting av overordna vegval for kommunen.

Kva skal vere kommunen sine satsingsområde dei komande åra?

Kva skal dei politiske måla for 2017 vere?

Formannskapsmedlemene førebur seg på dette.

Rådmannen vil leggje fram info om dei økonomiske rammene for 2017, sende ut sak med tertialrapport for 2016 og informasjon frå statsbudsjettet som påverkar kommunane.

Særlege tenester/prosjekt å ta stilling til vil mellom anna vere:

Vidare drift av Modalstunet / pleie og omsorgstenesta.

Organiseringa av lokalt brannvern – interkommunalt samarbeid

Seniorpolitikk

Vidare mottak av flyktningar

Nytt service og kontorbygg – val for vidare oppfølging

Omtvista krav frå Modalen kraftlag BA til Modalen kommune

Sist i møtet orienterte rådmannen om eit omtvista økonomisk krav frå Modalen kraftlag.

Ordførar Tom Kristian Thorsen er gift med styreleiar i Modalen kraftlag og var ikkje til stades under orienteringa.

Rådmannen gjorde greie for bakgrunn for saka og kva som er drøfta med Modalen kraftlag.

Rådmannen føl opp kravet som ei administrativ sak.

FOR - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering